

## NVIM har kjøpt smieverkssmia

NVIM har kjøpt smie ved tidlegare Odda Smelteverk, eller "bygg 26" som er det korrekte namnet, av Bu Bygg AS. Det er eit bygg på heile 720 m<sup>2</sup>, der smie utgjer under ein tredjedel. Dei delene av bygget som ikkje rommar smie vil bli brukt til lager og handtering av viktige gjenstandar og arkiv frå Odda si industrihistorie.

Smie vert no rusta opp. Norges største industrismie skal m.a. brukast til produksjon av smijern i samband med restaureringsoppdrag. Smelteverkssmie skal verta ein møteplass for smieinteresserte frå inn-

og utland. Vi ynskjer å ha ei open smie og alle er hjarteleg velkomne til å kome og sjå bygget.



I 2003 vart det halde smedkurs i smie på Smelteverket og NVIM markerte smie si viktige plass i Smelteverket si historie.

## Aktivitetar i august og september

**21. august - Museumslaget arrangerer tur til Lysøen.**

Sjå presentasjon på side 3.

**28. august - Ringdalsmarsjen**

Eit samarbeid med TTIL. Vi fortel om Skjeggedal og Ringedalsdammen. Aktivitetar for vaksne og barn. Bli med og leit etter brakketufter og høyr om rallarlivet.

**12. september - Nasjonal Kulturminnedag i Folgefonngata**

**Tema: "Nytt liv for gamle minne".**

Familieaktivitet med gamle songleikar, spel og regler.

"Loppis" der born kan byte, selge og kjøpe brukte leiker.

Biletspelet "Borna på Bakke", omvising i arbeidarbustadane, kafé.

# Aktivitestar ved NVIM hausten 2010

August			
21.	Avreise 07.30	Tur til Ole Bull museet på Lysøen. I år er det 200 år sidan Ole Bull vart født <i>Sjå presentasjon s. 3</i>	Arr: Museumslaget
28.		I samarbeid med Ringedalsmarsjen: Vi leiter opp spor etter rallartufter og fortel om livet i Skjeggedal for 100 år sidan. <i>Sjå presentasjon s. 1</i>	Hovudarrangør: TTIL
September			
12.		DEN NASJONALE KULTURMINNE-DAGEN Tema: "Nytt liv i gamle minne" "Loppis" for born i Folgefonngata <i>Sjå presentasjon s. 1</i>	Arr: NVIM
Oktober			
13. - 17.		LITTERATURSYMPOSIET 2010 – aktivitetar på fleire av NVIM sine arenar som t.d. Smia, vitensenteret, etc.  Program for Litteratursymposiet 2010: <a href="http://www.litteratursymposiet.no">www.litteratursymposiet.no</a>	Hovudarrangør: Litteratursymposiet
26.		Allsangkveld i Ungdomshallen (Lillesalen)	Arr: Museumslaget
Heile hausten			
OPE Odda vitensenter			Følg med i lokalpressa og <a href="http://www.nvim.no">www.nvim.no</a>

For detalj-informasjon om dei ulike arrangementa: Følg med i lokalpressa eller på [www.nvim.no](http://www.nvim.no)

## Høg trivselsfaktor på Odda vitensenter i sommar

Etter opninga 5. juni, har aktiviteten vore stor i det gamle laboratoriet.



FOTO: Jenny Tommsdatter Gabrielsen  
Hardanger Folkeblad

Vi har hatt ope frå tysdag - laurdag i skuleferien.

Flinke sommarvertar har tatt i mot publikum. Aktiviteten har bygd på eit hovudtema kvar dag: bygging av flaskebåtar, kjøkkenkemi og produksjon av hydrogen til bilane våre, bygging av Pinholekamera med framkalling i fotolabben og bygging med legoteknikk. Dette har vi gjentatt kvar veke, med stor suksess. Besøket har vore godt,

men det er plass til fleire! Ei ”oddisk” bestemora uttrykte det slik: ”Når folk får vite om dette, blir det lange køar utanfor her”.

Frå hausten er vi ope tysdag, onsdag og langope på torsdag. På dagtid tek vi i mot skulebesøk frå Odda, Kvinnherad og Ullensvang og på ettermiddagen er det ope for alle. Følg med i lokalpressa og på [www.nvim.no](http://www.nvim.no).

## NYTT FRÅ MUSUMSLAGET: Medlemstur til LYSØEN



Foto: Museet på Lysøen

Museumslagsturen 2010 går til Ole Bulls hjem på Lysøen den 21. august.

Museumslaget sine turer er en årvisst og populær hendelse. I forrige nummer presenterte vi fjorårets tur til Notodden, som var svært vellykket.

I år, som tidligere, er det Gerd Melstveit som er ”turgeneral”.

### FAKTA OM TUREN:

**Mål for turen:** Lysøen, Ole Bulls hjem m/ gratis konsert ([www.lysoen.no](http://www.lysoen.no))

**Avreise:** lørdag 21.08. kl. 07.30 fra kaien i Odda (Bussterminalen).

Turen er gratis (buss, ferje, båt til Lysøen). Inngangsbillett til museet og måltider (middag på Lysøen kr. 150,-) må deltakerne betale selv.

Turen er for medlemmer, medlemskap kan tegnes ved påmelding

### Påmelding til:

Gerd Melstveit, tlf. 94 80 37 18,  
*innen tirsdag 17. august.*

Retur: NVIM; Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

## Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi har moderne og inspirerende møtelokale i Statkraftstova.

Alle møterom har dagslys, og er luftige og komfortable.

Konferanseverten vår er tilgjengeleg under heile opphaldet.

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar:  
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbud.

post@nvim.no - 53 65 00 62



Les meir på:

[www.nvim.no](http://www.nvim.no)